



Jan Sunde byr fram turane til RunWay-Unitur på reiselivsmessa i Bergen denne helga. (Mobiltelefonfoto: Torfinn Myklebust).

Reiselivsmessa i Bergen vert i år arrangert for 15. gong; i år under namnet Reiseklar. Det er uskedelingen Jan Sunde som er styreleiar for messa. Turoperatørfirmaet hans, RunWay-Unitur, var ein av dei fire stiftarane av messa saman med Bergen Reiselivslag, Fjord Line og Colar Line. Dei fire kom saman på grunn av at dei synst at det var dårleg at ein stor by som Bergen ikkje hadde noko reiselivsmesse.

Dei fire står bak messa i år som den første i 1994 som var i Grieghallen. Årets reiselivsmesse vart opna i utstillingslokalet Arenum i Solheimsviken i Bergen - der bedrifta BMW var for mange år sidan - fredag. Ho varar i tre dagar.

Leiar Jan Sunde stod sjølv på RunWay-Unitur sin stand, som er ein av over 100 utstillere. Han seier til uskedalen.no at han var svært godt nøgd med publikumsframmøtet første dagen, då vi var der. Han legg til at det i fjor var 18.000 innom messa mot at det var 27.000 på den store messa på Lillestrøm same året.

-Klart dette er vi svært godt tilfreds med sidan Lillestrøm-messa har eit mykje større omland, og sjølve messa er

mykje større, seier Sunde som har god tru for messa i Bergen også i år.

Dei over hundre utstillarane var for det meste norske, med ein del Vestlandshotell og Vestlandsdistrikt på standar, mellom anna Sunhordland der Kvinnherad er med. Det var brosjyrar og matsmakebitar frå dei ulike distrikta. Men mange turoperatørar var sjølv sagt der også med sine brosjyrar og tilbod om reiser til ulike stader rundt om i verda og i Norge. Representantar frå nokre land stod dessutan på ulike standar. Danmark, Island og Skottland var godt synbare.

RunWay-Unitur sine reisetilbod har etterkvart auka. Frå å vera eit selskap som dei første åra berre selde bussturar, har det utvida salstilbodet til også å ha turar kombinert med ut- og heimreise med fly før. Bussane står klar på flyplassane. Reisemålet er då lengre borte enn før. Cruise på elvar er nytt av året.

Sunde gler seg til å selja det nye tilbodet Malta.

I alt har RunWay-Unitur 12 tur-tilbod i Norge og over 50 til andre land. Over 20 tilbod er nye av året.

Sunde fortel at elvecruise på Donau er nytt i år. Dei skal gå med ein båt med 145 køyar. Men før reisekatalogen kom frå trykkeriet torsdag var alle, med unntak av sju køyar, selt, så her er tydelegvis populariteten stor.

I fjor hadde selskapet 45.000 overnattingar, noko Sunde er nøgd med. Han ser no fram til eit nytt godt år. Vona om ny rekord er der!

Jan Sunde reiste frå Uskedalen då han var 15 år. Seinare har han ikkje budd der fast. Først var det realskule i Øystese, seinare på Bergen Handelsgymnas.

Han har alltid vore reiselivsinteressert, og for 25 år sidan fekk han i gang turoperatørselskapet RunWay saman med Bergen-Nordhordland Rutelag.

Då HSDs reiseoperatørselskap, Unitur, i 1992 ikkje gjekk så godt morselskapet ønskte, gjekk det saman med RunWay til RunWay-Unitur. Sunde eigde like til i fjor over 10 prosent av selskapet. No eig Tide heile selskapet. Turane i Norge og Nord-Europa går med Tide sine bussar.

RunWay-Unitur har tre tilsette og 25 reiseleiarar.

Av Torfinn Myklebust